



ÅRSMELDING FOR STRANDA HAMNEVESEN KF 2020

FORETAKET SITT FORMÅL:

Foretaket sitt formål er å stå for økonomisk rasjonell utvikling, utbygging, vedlikehald og drift av offentlege hamnefunksjonar i Stranda Kommune.

Kontoradresse: Geirangervegen 2, 6216 Geiranger

Postadresse: Øyna 13, 6200 Stranda

Styret for perioden 2020 – 2023 og som skal signere årsmeldinga er:

Medlem	Funksjon	Varamedlem i prioritert rekkefølge
Per Erik Dalen	Styreleiar	Per Wille
Frank Sve	Nestleiar	Øystein Strand
Torill Ansnes		Bodil T. Lie
Stein Lystad		Jostein Hole
Randi Sæter		Kristine Skarbø
Svein Erik Rimstad		
Inger Abelsen		

I samsvar med kommunleova skal styret sørge for at foretaket si verksemd skjer i samsvar med lover og forskrifter, foretaket sitt formål og vedtekter, kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett og andre vedtak eller retningslinjer fastsett av kommunestyret. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda. Styret vedtek eit eige årsbudsjett for foretaket innanfor budsjetttrammene kommunestyret har vedteke for foretaket. Styret avleverer årsrekningsrapport og årsmelding for foretaket. Styret skal gjennom budsjettåret legge fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter.

VERKSEMMDA – PERSONALE - MILJØ

Hammesjef (kvinne) er tilsett i 100 % stilling. Hammesjef rapporterer direkte til styret og styreleiar er næraste overordna. Driftsleiar (mann) er tilsett i 100 % stilling og ass. Driftsleiar (mann) er tilsett i 100 % stilling.

I ein normalsesong er det 5 deltidstilsette ved Hellesylt cruise kai. I Geiranger har Stranda hamnevesen KF ei driftsavtale med Geiranger Fjordservice AS. Arbeidet ved cruiseterminal og Seawalk sysselet ca. 10 - 15 personar. Med bakgrunn i Covid-19 og ei nesten total nedstenging av verksemda i Stranda hamnevesen, er alle arbeidsavtaler og driftsavtaler terminert. To av dei fast tilsette er permittert frå oktober 2020 og var ved utgangen av 2020, fortsatt permittert pga av mangel på arbeidsoppgåver.

Det har vore eit ikkje yrkesrelatert sjukefråver på ca. 80 % på ein person i 3 månader frå medio august til medio november 2020.

Verksemda står ikkje direkte ansvarlig for drift som fører med seg belastning på det ytre miljø. Environmental Port Index (EPI) er eit viktig verktøy og metode for å måle utslepp til luft når skip ligg til kai eller er oppankra, samt bidra til å fastsetje eit transparent og rettferdig system for miljødifferensiering av ulike hamnevederlag. Vart innført frå 1 januar 2020.

NØKKELTALL PR. 31.12 2020

Samla driftsinntekter i 2020: **kr 1 507 000,-**
Mot samla driftinntekter i 2019: **kr 37 394 126,-**

Resultat etter avsetningar er eit meirforbruk (underskot) på **kr 7 375 368,-**
Dette omfattar utbetaling av utbytte til eigar på **kr 1 000 000,-**. Underskotet vert dekkja over disposisjonsfond.

Investering Hellesylt cruise kai: **kr 4 600 000,-**
Langsiktig gjeld: **kr 64 000 000,-**

Stranda hamnevesen har innført (første gong i 2016) ei grense på 6000 cruisepassasjerer i Geiranger pr. dag i perioden 20 juni til 10 august. Av det samla trafikkvolumet, utgjør cruise i ein normalsesong kun 1/3 som er fordelt på Hellesylt og Geiranger i perioden april – oktober. Det er innført lokale fartsgrenser og ei streng regulering av anløp og fordeling av trafikk.

ØKONOMI OG MILJØ

I samband med koronapandemien, som råka foretaket svært hardt, vart det gjort ei budsjettendring hausten 2020 fordi ein tidlig såg konsekvensane i bortfall av inntekter, i all hovudsak frå cruiseindustrien. Foretaket mottok ikkje skjønnsmidlar, kompensasjonsmidlar eller lønnsstøtte frå staten

UTFORDRINGSBILDET OG POLITISKE VEDTAK

Vi har tøffe politiske føringar og det er eit press på myndighetene for å regulere infrastruktur og utslepp, spesielt knytta til cruisetrafikk. Vi har usikkerhet og uro om særnorske krav som vil kunne leie til mindre aktivitet og kraftig nedgang i lokal verdiskaping og evne til investering. Det er vedteke innføring av særkrav som null utslepp og TIER III som i praksis betyr bortimot null cruiseskip etter 2025 fordi teknologi for større fartøy ikkje er tilgjengleg innan fristen.

Stranda 8 april 2021 / korrigert 7 juni 2021

Per Erik Dalen
Styreleiar

Frank Sve
Nestleiar

Stein Lystad

Torill Ansnes

Randi Sæter

Svein Erik Rimstad

Inger Abelsen

Stranda kommune har innført elektronisk signatur